

STIFTINGA G-KULTUR

www.g-kultur.no

Kort presentasjon

Gudbrandsdalslaget i Oslo vart oppretta 2. februar 1920 og nedlagt 31. oktober 2013. Samtidig med nedlegginga vart Stiftinga G-Kultur oppretta for å ta vare på arven og forvalte dei økonomiske midlane etter laget:

1. Gje tilskot basert på søknad til kunst- og kulturprosjekt og kulturverksemd med tilknytning til Gudbrandsdalen. Pr. 2018 er det gjeve tilskot til i alt 47 prosjekt med samla beløp 559.000 kr. Neste og siste utlysingsrunde for bidrag er 1. februar 2019.
2. Ta vare på arkivmaterialet og eigedelane. Det meste av dette, inkl lagsfana, vart overlevert til Opplandsarkivet på Maihaugen i 2014-2015.
3. 21. april 2017 vart *Da var laget godt å ha* – Gudbrandsdalslaget i Oslo 1920-2013, lansert ved eit arrangement på Det Norske Teatret. Magnhild Bruheim har skrive boka.
4. 10. september 2017 vart soluret frå Skjennungstua, den tidlegare lagshytta i Nordmarka, avduka under eit arrangement på Hundorp. Plasseringa av soluret har kome i stand ved eit samarbeid mellom Gudbrandsdalsmusea, Pilegrimssenter Dale-Gudbrands Gard, grunneigar Rasmus Stauri og Stiftinga G-Kultur.

To satsingar fram mot 2020

Stiftinga G-Kultur planlegg to store satsingar:

- Skrivekonkurransen «Unge røyster» for skribentar i alderen 16-30 år med tilknytning til Gudbrandsdalen. Utlysing i januar 2019 og med bidragsfrist 15. juni 2019. Inntil 10 bidrag skal etter planen honorerast og gjevast ut i bokform.
- Kulturarrangement 1. februar 2020 på Det Norske Teatret: 100 år sidan Gudbrandsdalslaget i Oslo vart oppretta, lansering av boka «Unge røyster», medverknad bl.a. av kunst- og kulturaktørar som har fått tilskot frå Stiftinga G-Kultur.

Styret har vedteke at Stiftinga G-Kultur skal avviklast i 2020.

Kontakt:

Knut Hovslien, styreleiar

knut.hovslien@online.no / 9719 5148

Kjell Austin, nestleiar/sekretær

kaustin@online.no / 4150 9460

Lars Ole Ørjasæter, kasserar

lars.ole.orjaseter@gmail.no / 9085 9406